



VAS.Val av medlemmar til råd og utval Vassenden skule

Vedtatt i SU- møte 26. februar 2020

A) Elevråd

- Val skal skje første skuleveka i august .
- Elevrådskontakt i personalgruppa organiserer valet om melder rektor om resultat der det og vert opplyst kven som skal vere elevane sine representantar i SU og SMU.
- Kvar einaste klasse i 1.-10. har rett til å møte med eit møtande medlem på elevrådsmøta.
- Leiar og nestleiar av elevråd skal vere medlem av både SU og SMU . I tillegg veljast det 2 vara.
- Elevrådet vel ein ekstra representant som er medlem i SMU. Det veljast ein vara for denne.

B) FAU

- Val av klassekontaktar og vara skal skje på foreldremøta om våren kvart år
- FAU vel leiar, nestleiar og medlem i SU, SMU og SKFU for komande skuleår innan 10. juni
- Innan 20. juni kvart år gjer leiar i sitjande FAU dette:
 - Informerer rektor om resultat av val av klassekontakt frå alle klassane og kven som skal vere FAU sine medlem i SU og SMU komande skuleår
 - Overleverer informasjon til ny leiar i FAU og leverer inn referat o.a. arkivmaterieill til rektor

Klassekontaktar i 1.-10. klasse er medlem i FAU etter dette systemet:

På årssteg med ei klasse:

- **1. klasse:** Val av både klassekontakt og vararepresentant.
- **2. klasse og framover til 10. klasse:** Den som vart valt som vara i 1. klasse rykker opp til å fungere som klassekontakt. Foreldremøte i 2. klasse vel ny vara. Framhald med å velje vara kvart år, som året etter vert klassekontakt.
- **Medlem i FAU:** Valt klassekontakt kvart år er automatisk medlem i FAU. Vara for klassekontakt er òg vara i FAU.

På årssteg med to klassar:

- **1. klasse:** Det veljast klassekontakt og vararepresentant i begge klassane.
- **2. klasse og fram til og med 10. klasse:** Den som vart valt som vara i 1. klasse i kvar klasse rykker opp til å fungere som klassekontakt. Foreldremøte vel ny vara i begge klassane kvart år.

**Medlem i FAU:**

- Då klassane går i 1-3-5-7-9 klasse er det klassekontakten i A- klassen som er medlem i FAU. Klassekontakten i B- klassen er vara til FAU.
- Då klassane går i 2-4-6-8-10 klasse er det klassekontakten i B klassen som er medlem i FAU. Klassekontakten i A- klassen er vara til FAU.

Medlem som skal representere FAU i SU, SMU og KFU

- Leiar av FAU er valt for 1 år og skal vere medlem av både SU, SMU og SKFU
- Nestleiar av FAU er valt for 1 år og skal vere medlem av både SU og SMU
- Tredje medlem i SMU og vararapresentantar vert òg valt kvart år

C) Personalrepresentantar i SU/SMU

- Representant for andre tilsette: Val kvart 2. år (partal)
- Representant for pedagogar avdeling barneskulen: Val kvart 2. år (oddetal)
- Representant for pedagogar avdeling ungdomsskulen: Val kvart 2. år (partal)

D) Kommunen sine representantar i SU/SMU

- Representant frå dei folkevalte, og vara for denne, vert valt av kommunestyret i Sunnfjord kommune kvart 4. år og vert tilmeldt skulen v/ rektor.
- Rektor er fast medlem av både SU og SMU. Vara er ein av dei assisterande rektorane.